

KAPITTEL 10

Ein stad med gjennomtrekk. Om lokale innbyggjarar si oppleving av mobilitet

Mariann Villa

Institutt for sosiologi og statsvitenskap, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning¹

Abstract: The chapter is a study of how long-standing residents perceive impacts of mobility and tourism in their local, rural community. Based on qualitative interviews over two periods, the author reveals how local inhabitants rely on historical traditions to explain an embodied familiarity with today's tourism and mobility. There are, however, objections to the present situation and ambivalence among the interviewees, referring to what has become an abundance of visitors and newcomers in transit, or to pressure on agricultural areas. Additionally, over the years national discourses on sustainable development and protection of the natural environment have influenced local contractors' inclination toward unlimited growth. Still, local inhabitants maintained a co-creative story of being in tourism through generations, and this seemed to be their basic thesis when navigating their ambivalence to local development.

Keywords: rural inhabitants, tourism, migration, perception of local community development

¹ Første del av datainnsamlinga er gjort medan eg var tilsett på Ruralis (dåverande Bygdeforskning).

Innleiing²

Dette kapittelet handlar om korleis innbyggjarar opplever å bu i eit lokal-samfunn prega av turisme og migrasjon. Lokalsamfunnet, her kalla Turiststaden, er i periodar besøkt av store mengder hytteeigarar og andre turistar. I tillegg er det, spesielt i tilknyting til turismen, utskifting og sirkulasjon av internasjonale arbeidsmigrantar og innanlandske til- og fråflyttarar. Ein dominerande diskurs på Turiststaden er at lokalsamfunnet er avhengig av turismen, og at turismen er avhengig av arbeidsmigrantar og tilflyttarar (Berg-Nordlie, 2018; Søholt et al., 2018). Likevel er det grensedraging og motstand i lokalsamfunnet (jf. Førde, 2020). I ein tidlegare publikasjon har eg vist ambivalansen som kjem til uttrykk ved at innbyggjarane på den eine sida legg vekt på at dei er van med mobiliteten, medan dei på den andre sida er metta av den same mobiliteten (Villa, 2019). I dette kapittelet utdjupar eg denne ambivalansen og diskuterer kvifor lokale innbyggjarar likevel synest å slutte opp om turismen på Turiststaden.

Turisme og hyttebygging er strategiar for lokal og regional utvikling, særleg i bygder med fråflytting, aldrande befolkning og mangel på arbeid (Kauppila et al., 2009; Ericsson et al., 2022). Migrantar som jobbar i eller i tilknyting til turismen, gjev folkevekst i distriktskommunar, og hytteeigarar som engasjerer seg i lokalsamfunnet og lokalt næringsliv, kan bidra til å ‘gjenopplive’ rurale lokalsamfunn (Müller, 2021). Samtidig finst eit utviklingsdilemma (Sharpley, 2014, s. 37) der lokalsamfunn må vege mellom opplevde fordelar med mobilitet og turisme og negative konsekvensar for samfunn og miljø. Turismeutvikling som skal skape arbeidsplassar i bygda, kan ende med berre utanlandske tilsette (Viken, 2020), og stor migrasjon og mobilitet som skal vedlikehalde levedyktige lokalsamfunn, kan øydelegge det særeigne med stadar (Milbourne & Kitchen, 2014, s. 334–335). Turisme er difor og skildra som ei ‘forbanning

² Takk til Susanne Søholt og Brit Lynnebakke for deltaking i datainnsamling (2014) og Sarah B. Evans-Jordan, Julie Katrine Flikke og John-Arne Skolbekken for deltaking i analysegruppe (2022). Prosjektet er støtta av Noregs forskingsråd/VAM, Grant 217149 (The multiethnic rural community: Exclusion or inclusion of immigrants? NIBR, OsloMet storbyuniversitetet) og Strategiske forskningsmidler, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU.

og velsigning' (Keen & Hall, 2004) og forholdet mellom turistar og lokalbefolkning som 'elsk-hat' (Mantecón & Huete, 2018).

Forsking har gjerne plassert innbyggjarar og besøkande i eit bytteforhold (Fan et al., 2019, s. 174–175). Lokalsamfunnet og innbyggjarane utvekslar tenester, varer, natur og miljø med besøkande, som dei så får noko igjen for. I teorien vil då innbyggjarane støtte turismen så lenge dei opplever at fordelane med turisme er større enn kostnadane. Økonomisk vekst bidreg til at lokale befolkningar støttar turisme. Derimot oppstår polarisering og konflikt om turismen resulterer i plassmangel, ulikskap, overdådig konsum, auka prisar, trafikkproblem, kompromiss mellom turisme og andre offentlege investeringar, eller når turismen i uønskt grad påverkar tradisjonell levemåte og verdiar (Hall, 2005; Barnett 2014, s. 11; Fan et al., 2019, s. 173–174). Hytteeigarar vert oppfatta som ei byrde dersom dei berre stiller krav og ikkje bidreg nok til vertssamfunnet sine behov. Er dei oppfatta å tilføre verkskommunen ressursar og elles ikkje fortrengje permanent busetting, er toleransen frå fastbuande si side større (Farstad, 2013).

Turiststaden er lokalisert i ein region prega av tradisjonell nasjonalromantisk bondekultur (Berg-Nordlie, 2018), og i mange tiår har bondelandskapet vore viktig for reiselivet og reiselivet ei attåtnæring for bøndene. Slik sett har lokalsamfunnet lenge vore del av det Flø (2021) kallar den nye økonomien. I den gamle økonomien produserte og eksporterte bygdene mat og fiber. I den nye økonomien inviterer ein folk til bygdene for å konsumere varene der, i tydinga landskapet, kulturen, estetikken og stemninga. Hytteområda og ei urban øvre middelklasse som kjem for å nyte det gode livet på landet, er ifølgje Flø representantar for den nye økonomien; dei stadig fleire fjellvandrarane og laushundane som er meir eller mindre fråkopla lokalsamfunnet (Flø, 2021, s. 79).

Dei nye utmarksbrukarane som følgjer veksten i hyttebygginga, er omstridde blant lokale innbyggjarar og næringsdrivande på Turiststaden. I tillegg opplever Turiststaden, som mange hyttekommunar, å ha eit utilstrekkeleg tenestetilbod og infrastruktur i dei mest besøkte periodane. Dette er og ei kjelde til konflikt mellom bufaste og deltidsinnbyggjarar i hyttekommunane. Alle kommunar pliktar å tilby offentlege tenester til dei som til ei kvar tid oppheld seg i kommunen (Overvåg, 2020).

Då regjeringa under koronapandemien våren 2020 innførte hytteforbod for ikkje å overbelaste kommunane sin kapasitet, utløyste det i enkelte hyttekommunar sterke reaksjonar både blant hyttefolk og fastbuande (Bratrud & Lien, 2021). Hyttefolk reagerte på at dei ikkje kunne opphalde seg på hytta, og lokalbefolkning reagerte på at hyttefolk ikkje tok omsyn til forbodet mot å vere på hytta. Lokalbefolkning og hyttefolk samarbeidde etter kvart for å redde både hytter og lokal handel, men Bratrud og Lien meiner at den spente situasjonen avdekte klassekilje og meir latente konfliktar mellom hyttefolk og fastbuande, by og land, sentrum og peri-feri (Bratrud & Lien, 2021).

Ifølgje Cheong og Miller (2000) er utgangspunktet for mange studiar av lokalbefolkning og turisme at dei lokale er underlagt makta til turisten, som gjerne og har høgare klasseposisjon. Bytteperspektivet er på si side kritisert for å oversjå den sosiale og kulturelle samanhengen som innbyggjarar og turistar samhandlar i, og at konkret samhandling eller utveksling heller ikkje treng å finne stad (Sharpley, 2014, s. 45). Cheong og Miller (2000) analyserer forholdet mellom lokalbefolkning og turistar ved hjelp av Foucault si forståing av makt som noko relasjonelt, som kan gå begge vegar. Det utfordrar todelte framstillingar av vert/gjest og opnar for at lokalbefolkning og kan ha makt over turisten, til dømes i måtar å legge til rette for og møte turisten på. Vidare er verken hyttefolk, byfolk eller bygdefolk grupper med eintydige posisjonar, haldningar eller ori-enteringar (Arnesen & Kvamme, 2021, s. 144–145). Aasetre (2021) finn til dømes i sin studie av ein liknande turiststad at ein lokal kjerne vil ha vekst og meir hyttebygging, medan det i andre delar av lokalbefolkninga er meir betinga støtte til dette. Farstad og Rye (2013) problematiserer til-svarande det dei seier er ei eksisterande forståing av at hytteeigarar og fastbuande ofte er i konflikt med kvarandre og har motstridande interes-ser i utviklinga av hyttekommunen. Dei finn at både hytteeigarar og fastbuande i norske hyttekommunar i all hovudsak er interesserte i å bevare ‘idyllen’ i sitt eige nærområde, medan dei er opne for meir utvikling og utbygging andre stadar i kommunen.

Ifølgje Sharpley (2014) finst det lite dokumentasjon på at vertssamfunn faktisk trekkjer tilbake støtta til turismen eller på andre måtar oppfører seg negativt mot turistar. Dei siste tiåra har det likevel vorte meir fokus

på korleis lokalbefolkninga har det og potensielle kostnadar av turisme (Lopes et al., 2019). Nyare nordisk second home-forsking har fokusert på miljøpåverknadar og spenningar i lokalsamfunnet (Müller, 2021), og i migrasjonsforskinga er det bekymring for korleis nye innbyggjarar påverkar vertssamfunnet (Rye, 2018). Ved å sjå mobilitet og migrasjon frå lokalbefolkninga sin ståstad imøtegår kapittelet det Halfacree og Rivera (2012, s. 92) kallar ein ubalanse i mobilitetsforskinga, som går ut på at ein helst har forska på dei som flyttar, og ikkje på dei som blir buande. Dette kapittelet er ein studie av mobilitet slik det artar seg på mottakarsida, det vil seie i ei lokalbefolkning som vert 'reist gjennom' (jf. Aure et al., 2018). Lokale innbyggjarar karakteriserer Turiststaden som 'veldig prega av menneske frå dei øvre sosiale laga, med mykje pengar', og studien er slik eit bidrag til forsking på kva påverknad velståande besökande har på lokalsamfunn (Benson & O'Reilly, 2009, s. 621), samt kva tidsavgrensa signaturar desse etterlet seg (Nelson et al., 2019).

Om Turiststaden

Det var stille i gatene, på butikkane og i restaurantane då eg besøkte turiststaden i mars 2014. Det var utanom turistsesong, og det slåande fråværet av det som kunne ha vore turistar var følgt av ein annan observasjon; dei ulike utanlandske språka blant folk på gata. Eit tidsbilete som understreka noko internasjonalt, men likevel meir høyrbart enn synleg. Kommunen er typologisert som multikulturell (Søholt et al., 2018), men som ein innbyggjar sa, «eg legg merke til at det *ikkje* er mange innvandrarar her». Det speglar at det på feltarbeidstidspunktet var relativt få flyktninger og asylsøkarar på staden, og at dei utanlandske migrantane i hovudsak har vestleg, austeuropeisk og nordisk bakgrunn. I 2021 utgjorde internasjonale migrantar om lag 1/5 av innbyggjarane i kommunen (<https://www.imdi.no/>), der arbeidsmigrantane hovudsakleg var knytt til turismen, enten på heilårs- eller sesongbasis (hotell, butikk, byggebransjen). Også store delar av anna lokalbefolkning arbeider i tilknyting til turisme.

Turiststaden er lokalisert i ein norsk fjellregion og har lang tradisjon som turistdestinasjon. Turismen er særleg bygd opp rundt vintersportsaktivitetar med ski og løyper i fjellet, men staden utviklar seg meir og

meir som ein heilårsdestinasjon. I vintersesongen kan det vere rundt 40 000 turistar og hyttefolk der det elles er 2500 fastbuande. Der er om lag ei hytte per fastbuande innbyggjar. I tillegg kjem hotell og fritidsleilegheiter til leige, samt at det er regulert for nokre tusen nye fritidsleilegheiter og hytter. Rundt sentrum av turiststaden er tradisjonelle jordbruksområde. Folketalet i kommunen sett under eitt har vore relativt stabilt dei siste 20 åra, men det er ein svak vekst i folketalet på turiststaden og nedgang og aldrande befolkning i bygdene rundt.

Lokale innbyggjarar snakka om hyttene som to grupper; dei meir beskjedne på den eine sida av turiststaden og dei store og dyre hyttene på den andre sida. Dette var eit synleg skilje på eldre og nyare hytter og ei utvikling som elles stemmer godt med slik Arnesen og Kvamme (2021) oppsummerer fritidsbustadstrukturen i fjellet: Dette er dei nye tettstadsane i utmarka, lokalisert i stadig større hyttefelt to til fire køyretimar frå sentrale byregionar. Nye fritidsbygg er teknisk på høgde med vanlege einebustadar, og den store majoriteten er eigd av hushaldningar utanfor fjellområdet. Høgstandard fritidsbygg er ofte brukt på helgebasis både i snøsesong og barmarksesong, i tillegg til lengre opphold i klassiske ferieperiodar som påske, jul og nyttår (Arnesen & Kvamme, 2021, s. 124, 134).

I kapittelet viser eg korleis lokale innbyggjarar kan forhalde seg til folkeveksten og mobiliteten som følger med turismen, og korleis det trass kritiske haldninga synest å vere oppslutning om turismen på turiststaden.

Datamaterialet og metoden

Mitt møte med turiststaden starta i 2014. Då hadde eg eit fem dagars opphold der saman med kollegaer som jobba med ein større studie av korleis kommunar arbeider med integrering av migrantar (Søholt et al., 2018; Lynnebakke, 2021). Mitt fokus var korleis migrasjon og mobilitet var opplevd i lokalbefolkninga; blant dei bufaste.

I utgangspunktet søkte eg personar som var oppvaksne på staden, eller som hadde budd der lenge nok til å vere langtidsinnbyggjarar. I eit migrasjonsperspektiv er ein ‘stayer’ ein som alltid har budd der ein er fødd og oppvachsen, eller ein som ikkje har flytta innafor ein periode som

forskaren har definert. Alternativt, i eit immobilitetsperspektiv, er det dei ulike typane av bufaste, staden dei bur på og oppfatningane dei har, som er viktig (Stockdale & Haartsen, 2018). Fleire av dei eg har intervjuat, er tilflyttarar eller tilbakeflyttarar, men alle har budd i området i mange år, og ingen gav uttrykk for at dei var på flyttefot. Dei har og i kraft av å vere lokale innbyggjarar ulike og overlappande roller og posisjonar i lokalsamfunnet, til dømes som turistvertskap og næringsdrivande og samtidig brukarar av turiststaden og gjestar i skianlegg (sjå Milwood & Maxwell, 2020, s. 244).

Før eg reiste til turiststaden, hadde eg nokre avtalar med personar som kunne representere lokalbefolkninga, enten ved å vere lokal innbyggjar eller gjennom verv eller posisjon i lokalsamfunnet kunne vite noko om lokale innbyggjarar. Eg rekrutterte desse første ved å ta direkte kontakt med lag og organisasjonar og med tilsette i kommunen. Utover det vart intervju avtalt meir spontant ved at eg eller kollegaene i løpet av opphaldet trefte nye personar å snakke med. I 2014 intervjuat eg fem menn og sju kvinner som var fastbuande på eller like i nærleiken av turiststaden. Desse var i alderen 40–70 år. Dei fleste av dei hadde arbeidet sitt enten på turiststaden eller annan stad i kommunen. Nokre intervju gjennomførte eg åleine, andre saman med forskarkollegaene som var på turiststaden i same perioden. Intervjuat som er gjennomførte på turiststaden, fann stad enten på jobben, på kafe eller heime hos folk.

I november 2021 inndeia eg ein ny runde med intervju i lokalbefolkninga. Dette var planlagt som eit nytt mini-etnografisk feltarbeid på turiststaden, for å samle fleire lokalbefolkningserfaringar og utdjupe tema frå førre runde. Eg rekrutterte intervjupersonar gjennom oppslag om forskingsprosjektet i eit par lokale foreiningar, og fleire interesserte melde seg til prosjektet. På grunn av covid-19-pandemi og lokale smitteutbrot vart besøk satt på vent til 2022. I mellomtida gjennomførte eg intervju med fem lokale innbyggjarar gjennom Zoom og telefon. Desse var menn i alderen 30–70 år. Ein var pensjonist, dei andre jobba i eller i tilknyting til turisme, og desse intervjuat supplerer materialet frå 2014. Intervjuat varte for det meste rundt 60–90 minutt, og lydfilene er transkriberte. Dei som er intervjuat digitalt eller via telefon, var enten heime eller på jobb.

Intervjusamtalane med lokalbefolkninga tok utgangspunkt i deira syn på utviklinga på turiststaden, og deira erfaring med og oppleving av dei ulike besökande og nykommarane. Slik har eg fått ulike forteljingar og opplevingar av å vere innbyggjar på staden. Som Førde og Magnussen (2021, s. 252) seier, kan dette vere uferdige og pågåande forteljingar, og dei kan endre seg over tid eller i møte med seg sjølv eller andre forteljingar. Om eg gjekk tilbake til intervjugpersonane for utdjuping, kan forteljinga endre seg. Likevel bidreg enkeltpersonar sine forteljingar med forståingar av lokalsamfunn og mobilitet som elles ikkje hadde vore tilgjengeleg for oss (sjå Sætermo et al., 2021, s. 25).

Eg har framheva nokre opplevingar og erfaringar slik dei kjem fram i samtalar med lokale innbyggjarar. Eg har sortert og presentert desse som ulike tema eller forteljingar. Dette er tema som eg tolkar som definerande spørsmål eller diskursar i lokalbefolkninga, og som kom fram i samtalar uavhengig av om personen eg snakka med, var positiv eller kritisk til mobiliteten, turismen og utviklinga i lokalsamfunnet. Det betyr at enkeltpersonar har gjeve innhald til fleire forteljingar, og at det på individnivå er nyansar som ikkje kjem fram i mi framstilling. Også dei som snakkar om at det kan bli for mykje turistar eller for mykje kaos i høgesongar, ønskjer turistane tilbake etter ein stille periode. Bonden som vil verne beitemark og naturområde, seier at han står i mange leirar og vil både ha og ikkje ha turistskiløyper. Og også dei som snakkar mest om det positive med vekst og utvikling, ser nokon kostnadar med dette. Ikkje alle eg har intervjua, er siterte, men dei som er siterte, kan representera ein bodskap som fleire er inne på.

Dei lange linene – turisme i blodet

Det er fleire og ulike forteljingar i lokalbefolkninga om turiststaden og kva det inneber å bu på det ein av innbyggjarane kallar ein ‘omskifteleg’ stad. Gjennomgåande er likevel å sjå staden i perspektiv av dei lange linene.

Dette kan vere snakk om mobilitet frå vikingtida, om mobilitet i ‘uminnelege tider’, eller noko nærare, med dei nordiske gjestearbeidarane som deltok i bygginga av jernbana rundt førre hundrearsskifte, og etter kvart

dei første turistane som kom på ferdig jernbane. Og med meir turisme kom etter kvart fleire som på heilårs- eller sesongbasis arbeider i eller i tilknyting til turismen. «Det har alltid vore slik, heilt frå barndommen og så lenge eg kan hugse – sesongarbeidarar og slikt» (kvinne 50-åra).

Innbyggjarane snakkar med andre ord om mobilitet og migrasjon som noko som alltid har vore der, og som slik utgjer fundamentet for heile lokalsamfunnet. Det at ‘det alltid har vore slik’, gjer mobilitet og turisme til det normale (Søholt et al., 2018; Villa, 2019; kapittel 9 i denne boka). Det kan vere så normalt at ein ikkje tenkjer over det før det kjem ein forskar og spør om korleis det er å bu på turiststaden.

Men jeg tenker vel ikke så mye over (...) med de sms-ene og mailene som du har sendt – så har jeg tenkt litt på – og det er klart at vi er jo en turistkommune – så litt sånn genetisk har du på en måte lært at det lønner seg å være høflig, for folk du ikke kjenner, for det er en del av pakka med å være i servicebransjen. Om du er service-[utydelig] eller ikke, så ... du skjønner hva som er matnyttig. Det er nok en konsekvens av å bo her, på en måte ... og ... hvis vi ser en veldig kjent person så ... ligger det på en måte i genene at da skal han få være i fred – da skal ikke vi skryte av det, liksom, for det er helt vanlig det, det er sånn det er her. Så vi skal liksom ikke lage noe styr ut av det. Det er sånn som det skal være, liksom. (Mann 40-åra)

Alle kjenner nokon som jobbar i reiselivet. Alle har ein forståelse for at vi skal ha mykje gjester. Alle har ein forståelse for at ... alle har ei sånn holdning om at gjestene dei – gjesten kjem først. Altså vertskap er jo noko som er i blodet til [dei lokale]. (Mann 30-åra)

Kunnskap om turisme er skildra som ein tilstand som går i arv; ein snakkar om å ha vertskap i blodet og i gena. Denne kroppslege tilnærminga antydar at ein automatisk veit korleis ein skal opptre i det offentlege rom for å gje besökande integritet og konfidensialitet (Villa, 2019). I forteljinga om generasjonar med migrasjon og turisme vert det skapt eit bilet av korleis innbyggjarane ‘er’, og dei er slik enten dei jobbar direkte i turismen eller berre er lokalbefolkning i gatebiletet. Er ein ikkje direkte involvert i turismen, er det disiplinerande å kjenne nokon som jobbar i reiselivet – det i seg sjølv utløyser haldningar og praksisar som set gjesten først. Innbyggjarane på turiststaden ‘kan’ mobilitet, i tydinga er van med

og medvitne om korleis dei skal opptre i møte med gjestar og nykomrar. Alle synest å ha referansen til mobilitet som noko kjent og som alltid har vore i lokalsamfunnet. Men det er fleire forteljingar om korleis dette kjem til uttrykk i dag.

Ein sosial kostnad

Ei anna forteljing om mobiliteten som alltid har vore der, handlar om sosiale kostnadar som følgje av denne. Lokale innbyggjarar si oppleving av at turisme og til- og fråflytting har ført til tap av dialekt, kultur og identitet (Villa, 2019), er døme på sosiale kostnadar. «Nye mennesker hele tiden som kommer og går. Og hvem er jeg i alt dette», er ei skildring av korleis lokalbefolkninga tenkjer.

Du ser jo det i sesongane – både påskeferie og alle – så blir jo me fastbuande borte. Det er jo turistane vi ser, ikkje sant? (Kvinne 50-åra)

Du blir slipt av å ha masse turister rundt deg, og faren min og – han er oppvokst her – bodd her hele livet med få unntak – og han og knoter på østlandsk hvis han skal snakke med østlendinger – og det er fordi at det er vi opplært med – «du må snakke så folk forstår deg». Vi måtte bare stå med lua i handa når noen fra oslokanten kom hit. Det var ikke motsatt. (Mann 40-åra)

Dei sosiale kostnadane kan vere knytt til ulike måtar å vere usynleg på. Enten i form av å miste identitet (kven er eg i alt dette), vere underdanig (stå med lua i handa), tilpassa seg (snakke så folk forstår deg), forsvinne (bli borte i mengda), eller ved å ikkje bli prioritert. Kjensle av å verte usynleg kjem i det siste dømet fram som kritikk mot lokale myndigheter, når innbyggjarane opplever at desse favoriserer turistar. «Mange er veldig lei turist – same søren så blir dei prioritert», seier ei kvinne (50-åra), «eg blir ikkje høyrt likevel, det har eg høyrt fleire – for dei føler at dei blir borte i mengda».

Det internasjonale arbeidsmiljøet i turismen har, i alle fall for nokre tiår sidan, vore opplevd som spanande og berikande (Villa, 2019). Samtidig representerer nye menneske som ‘kommer og går’, noko av det omskiftelege på turiststaden og vert ein annan sosial kostnad, slik lokalbefolkninga opplever det.

Men det er jo også – det vet jeg – for det har jeg jo hørt at de sier at enkelte – eller en del innfødte – sier at de orker ikke å bli kjent med nye som flytter hit – fordi – så blir de kjent med de så reiser de igjen. Det er – de ser på de som noen sånne gjennomtrekksmennesker som de ikke helt orker å forholde seg til.

(Kvinne 40-åra)

Erfaring over tid med ‘gjennomtrekksmenneske’; tilflyttarar og migrantar som arbeider nokre sesongar eller år for så å flytte vidare, skaper ei form for sosial slitasje. Ein måte for dei lokale å stå i gjennomtrekken på er å la vere å investere tid og venskap i stadig nye nykommarar. Samtidig, og trass i at lokale innbyggjarar legg vekt på at dei er vane med mobiliteten, kan nykommarar sin flyttepraksis bryte med meir generelle forventningar i mindre lokalsamfunn om til dømes deltaking, integrering og sosial kontakt. Turiststaden er ikkje større enn at innbyggjarane kan ha oversikt over sambygdingar som kjem og går, og i det oversiktlege lokalsamfunnet er det forventningar om at tilflyttarar skal bli buande og vere ein del av lokalsamfunnet. Turistnæringa skaper gjennomtrekk, og eigenskapar ved lokalsamfunnet og forventningar til nabolaget kan forsterke opplevinga av gjennomtrekk som plagsamt.

Når mykje inn- og utflytting er opplevd som utmattande, er løysinga for nokon å distansere seg frå denne mobiliteten. Dette kan vere noko av bakgrunnen for at innvandrarar og nykommarar opplever lokalbefolkinga som reserverte (Lynnebakke, 2021). Søholt et al. (2018, s. 226) finn ein ‘instrumental openness’ og ‘a tradition of impersonal friendliness’ på liknande turiststadar. Det kan vere uttrykk for at lokalbefolkinga ‘skjønar kva som er matnyttig’ og handlar deretter i møte med turistar og nykommarar. Men det kan og vere eit uttrykk for å halde nykommarar på avstand fordi ein har erfart at desse ofte flyttar vidare.

Ein større kostnad?

Bønder og grunneigarar eg har snakka med, er med på turismeutviklinga ved at dei sel eller leiger ut hytter, eller bidreg til løypenett og kulturlandskapspleie, som kjem turistane til gode. I eitt tilfelle er landbruksdrifta lagt ned fordi det løner seg betre å drive med turisme.

Ja – spiser jeg av utmarka til å lage [uklar lyd] til turismen. Leier ut hytter og selger. (...) Driver ikke som bonde – har aldri gjort det. Gården har ikke vært i drift siden 80-tallet. Det kan en også kalle turismens pris. I stedet for å jobbe knallhardt for å drive en bondegård, kan en hente ut og tjene mer – da har jeg heller lyst å gjøre det. (Mann 40-åra)

Bonden gjev opp landbruks- og matproduksjon fordi sal av hyttetomter er meir lønsamt, men det har samtidig nokre større kostnadars knytt til matproduksjon, mattrryggleik, sjølverbergning, kulturlandskap og naturmiljø. Farstad et al. (2008) fann at fleirtalet av norske hyttebrukarar støttar opp om å oppretthalde både busettinga i distrikta og omfanget av landbruket. Det tyder på at dei og ønskjer å ha hytte i levande lokal-samfunn, noko landbruket bidreg til med bufast befolkning og pleie av landskapet. Grunneigarar «sel unna no i stort monn», fortel ein bonde, som sjølv ikkje vil la meir av eigedomen sin gå til turistformål og i staden vil verne både utmark og villdyrliv i området. Det inneber at han mister turistar til andre og meir utbygde utfartsområde.

Eg vil jo merke dette her økonomisk. Men så tenkjer eg at dette her er så viktig å kjempe for – fordi det eg ser no og frykter – det er at vi ikkje har noko landbruk i kommunen om ein generasjon fram i tid.

Tilhøva for neste generasjon gardbrukarar på turiststaden er ei anna bekymring i møte med utbyggarinteressene. I møte med turistar opplever bonden å bli skjelt ut når han ber dei respektere lov om bandtvang. Ikkje alle turistar er like, nokon er ‘audmjuke’, men grunneigaren konkretiserer her det som i kommunale dokument frå turiststaden er nemnt som potensielle interessekonfliktar og ulike haldningar mellom landbruket og hyttebefolkninga.³ Bonden synest likevel å sjå vidare når han problematiserer eit vekstvenleg scenario for turiststaden:

Vi mister sau til hund, det blir stadig meir og meir folk i beiteområda, det er folk der det aldri har vore sett folk før. Dei tek i bruk meir og meir område. Og inntil [mange tusen] nye bueiningar, og viss det er fire i snitt i kvar bueining, så vil jo det bli noko voldsomt med folk. Og kvar skal dei gjere av seg?

³ Kommunal plan (anonymisert).

Vekstoptimisme

Ei anna framstilling av korleis lokale innbyggjarar tenkjer om turiststaden er knytt til vekstoptimisme. Då er ikkje problemet kvar folk skal gjere av seg, for ein meiner at det er plass til fleire besøkande og at ein kan bygge fleire fritidsbustadar, kafear og restaurantar for desse. Meir folk og meir turisme er i staden peika på som *positivt* for lokal kultur og identitet, og fokuset er på *løysingar* på moglege problem og på å utvikle potensialet for vekst.

Ein representant for vekstoptimismen, som sjølv er direkte involvert i turistnæringa, uttalar seg slik:

Det må vere meir fokus på kva lokalbefolkinga får igjen. For eit offer av eit naturområde eller ... meir folk i sentrum, eller sånne ting då. Det trur eg. Men eg oppfattar jo at alle er veldig glad i gjestene som er her no. (...) For det var dei første som var tilbake igjen når vi opna etter koronaen. Fylte butikker og fekk liv igjen i butikker. (...) som har brukt meir tid på hytta – lagt igjen meir pengar i lokalsamfunnet her. (...) Det å la lokalbefolkinga få mulighet til å føle at det er positivt for vår kultur og vår identitet, og det bidreg til oss på en god måte, det trur eg blir viktigere framover. Eg trur ikkje – det er ikkje like akseptert at investorer nå i frå utenom bygda skal komme inn og bygge store ting og gjøre mye penger utan at det samtidig skal ha synleggjort kva det har bidratt med tilbake. For då blir det berre fleire folk i rundkjøringa, men det er fortsatt ikkje ungdomsklubb. (Mann 30-åra)

Ut frå ein vekstoptimistisk tankegang seier ein ikkje nei til utbygging, utanomlokale investorar eller ofring av naturområde, men fokuserer i staden på at lokal kultur og identitet har godt av meir utvikling på turiststaden. Utfordringa her er ikkje kva ein taper eller ofrar, men å vise kva lokalsamfunnet og lokalbefolkinga får igjen for meir vekst og større inngrep.

Andre måtar å uttrykkje glede over folkemengda på turiststaden kan vi finne hos bufaste som oppsøkjer sentrumsgatene og butikkane når turistane er der. Til forskjell frå dei som rømmer staden når turistane kjem (Villa, 2019), fortel ein mann at han ‘søkjer turistane’. Han går medvite på butikken i dei mest hektiske periodane, der han

står i kø. Går på skitur – i kø. Er i skibakken – i kø. Og det i seg sjølv – det har sin sjarm, da. Så – det gjer meg eigenleg ingenting. (...) Det er eigentleg heilt greitt å vere midt i den køen der, synest eg. (Mann 60-åra)

Dette er innbyggjarar som trivst i dei folksame periodane. «Det er ikkje sånn at vi blir invadert av folk vi ikkje kjenner ansikta til», seier ein mann. Han fortel at dei lokale får nye kjenningar og venner blant hyttefolket, og han observerer gjensynsglede blant dei lokale når hyttegjestane kjem tilbake. Han meiner at folkelivet bidreg til at «det følest litt urbant, sjølv om det er på fjellet». Og i slike tilfelle kan lokalsamfunnet unngå nokon av dei typiske og mindre attraktive kulturkarakteristikkane som gjerne vert tildelt det som er utanfor urbane område. Mennene som er sitert her, gjev i staden uttrykk for ei kjensle av å vere på rett stad og på ein stad som verda kjem til (Oklevik et al., 2019; Stenbacka & Bygdell, 2018).

Vi er alle i turisme?

På tvers av dei ulike forteljingane og samtalane eg har hatt med lokale innbyggjarar, kan ei felles orientering og forståing for å vere i turisme oppsummerast om lag slik: Vi er alle i turisme. «Det er dette vi lever av, og det kommunen vår lever av. Det er berre slik det er. Og det må vere slik dersom lokalsamfunnet skal overleve», seier ei kvinne i 50-åra.

Dette turisme-vi-et inkluderer ikkje berre aktørane som faktisk har arbeid eller eigedom i turismen, men innbyggjarar generelt og ‘vi’ som lokalsamfunn som lever av dette. Dei dominande lokale økonomiske interessene er i turismen, og ein tek vertsrolla på vegner av lokalsamfunnet. Dei lokale uttrykkjer her ei ansvarskjensle som føreset ein viss integrasjon i og engasjement for lokalsamfunnet og sambygdingane (jf. Stenbacka & Bygdell, 2018). Ein erkjenner ikkje berre sambygdingar sitt levebrød, men ser turismen som ‘alle’ sitt levebrød. Og som lokal innbyggjar betalar det seg bokstavleg tala å vere imøtekommande fordi det gagnar turistnæringa og lokalsamfunnet som lever av dette.

Eit opplevd sær preg frå turismen kjem til uttrykk hos ein tilflyttar som fortel om då han i byrjinga prøvde å ‘komme under huda’ på folk på turiststaden:

Eg hugsar jo på ein måte førsteinntrykket. (...) Det var storband her, så eg hekta meg på det (...) Så sa eg: «Skal vi ikkje lage ein storbandaftan?» Nei, det var ikkje noko tema – folk kom ikkje, nei måtte spele på hotella. (...) Det var ein heilt ny måte å tenkje på, at det var hotella, og reiselivsnæringa, som på ein måte var motoren. Og det var ikkje noko vits i å spele storband for lokalbefolkninga, for folk kom ikkje på det. Det var hotella som var oppdragsgjevarane.

Ein storbandaftan måtte finne stad på reiselivet sin arena. I alle fall var det opplevd som utenkjeleg at nokon skulle komme om det vart eit slikt arrangement utanfor reiselivsarenaen. Dette kan forståast som ei kollektiv oppslutning om eller orientering etter reiselivet, slik det kom til uttrykk i det daglege.

Avsluttande diskusjon

Søholt et al. (2018) finn det dei kallar ei lokal kosmopolitisk haldning på turiststaden og i andre rurale lokalsamfunn med mykje mobilitet og migrasjon. Dei forklarar dette med ei uttrykt positiv haldning til migrantar og arbeidsinnvandring. Den positive haldninga er likevel betinga av at ein opplever innvandring som viktig for å vedlikehalde og utvikle næringar og lokalsamfunn. Woods (2018, s. 164–166) argumenterer for at det finst kosmopolitiske strøymingar i rurale lokalsamfunn når nye innflyttarar tilfører samfunnet noko nytt (som idear, erfaring, kunnskap), eller når fastbuande skaper ein gjestfri atmosfære for nykommarar og besökande. Når slike tilstandar eksisterer på visse vilkår, slik Søholt et al. (2018) viser, definerer Woods (2018) det som ‘precarious rural cosmopolitanism’. Trass ei betinga positiv haldning til nykommarar kan lokale innbyggjarar på turiststaden vere atmosfærskaparar fordi dei veit korleis dei skal opptre i møte med turistar, nykommarar eller framande. Dei er imøtekommande og skildrar ei gjesten-kjem-først-haldning som dei sjølve forklarar er utvikla over generasjonar med turisme og mobilitet i lokalsamfunnet.

Haldninga og praksisen til innbyggjaren som har lært at det lønner seg å vere høfleg, kan spegle dei lokale som underlagt turisten. Omgjering av lokal kultur, natur og lokalsamfunn til ei vare som skal seljast (jf.

Flø, 2021) kan vere ytterlegare døme på dette. Men Cheong og Miller (2000) si tolking av makt som relasjon opnar for at lokalbefolking og kan ha makt over turisten. Til dømes ved å sette seg imot ein viss type utvikling, forfølgje eigne rettar og interesser, eller kontrollere åtferda til turistane på subtile og uformelle måtar når dei treffest ansikt-til-ansikt. Den medvitne imøtekommande innbyggjaren på Turiststaden kan vere ein slik ‘aktivist’ som utøver ei form for sosial kontroll over turisten og styrer denne inn i lokale ‘tradisjonar og manerar’ (Cheong & Miller, 2000, s. 382).

I den lokale vekstoptimismen på Turiststaden er det og observert ei ny bevisstheit rundt berekraft, klima og miljø, og med det kritiske haldninga til store utbyggingar. Dette speglar ein nasjonal kritisk diskurs rundt natur- og miljøbelastning frå hyttebygging (jf. Aasetre, 2021) som utviklingsaktørar på Turiststaden må forhalde seg til. Berekraftig utvikling og vekst er og basert på sosial rettferd (Ericsson et al., 2022). Det inneber at lokalbefolking skal ha eigarskap i turismen og kontroll med ressursane som er brukt og godane som vert skapt (Kauppila et al., 2009). Eigarskap og kontroll kan ha ulik form, og definisjonsmakt over eigen posisjon eller situasjon kan vere eitt uttrykk for det. Bratrud og Lien viser korleis hyttefolk under koronapandemien provoserte lokalbefolkinga med å seie at lokalbefolkinga var avhengige av hyttefolket og difor burde stoppe hytteforbodet. Avhengigheit mellom lokale og hyttefolk vart avstandsskapande (Bratrud & Lien, 2021). På Turiststaden seier lokale innbyggjarar sjølv at dei og lokalsamfunnet er avhengige av turismen. Meir enn kven som er avhengig av kven, synest det å spele ei rolle kven som definerer dette avhengigheitsforholdet.

Lewis (2016, s. 232) finn at langtidsinnbyggjarar i ein bydel med mykje nytiflytting opprettheld og skaper nytt fellesskap gjennom å snakke om eit tapt fellesskap. Innbyggjarar på Turiststaden opprettheld og skaper ei forståing for mobilitet og turisme gjennom å snakke om at det alltid har vore slik på Turiststaden. Forteljinga og opplevinga av at ‘vi er alle i turisme’ gjev nokre premissar og føringar for å handle til beste for turismen. Ein gjev plass og atmosfære til turistar og nykomstrar og får eit levedyktig lokalsamfunn tilbake. Dersom dette byttet (jf. Fan et al., 2019) mellom innbyggjarar og besökande liknar ein därleg handel; dei

lokale gjev for mykje eller får tilbake noko anna enn det dei ønskjer, vert turisme-vi-et utfordra. Slike utfordringar kjem til uttrykk i forteljingane om kostnadene – som for landbruket og naturressursane og i sosial omgang med nykommarar.

Referanser

- Arnesen, T. & Kvamme, S. (2021). Fritidsbygg i fjellområdet – en egen boligstruktur? I F. Flemsæter & B. E. Flø (Red.), *Utnark i endring* (s. 123–150). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.151.ch5>
- Aure, M., Førde, A. & Magnussen, T. (2018). Will migrant workers rescue rural regions? Challenges of creating stability through mobility. *Journal of Rural Studies*, 60(mai), 52–59. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.03.005>
- Barnett, J. (2014). Host community perceptions of the contributions of second homes. *Annals of Leisure Research*, 17(1), 10–26. <https://doi.org/10.1080/11745398.2014.886156>
- Benson, M. & O'Reilly, K. (2009). Migration and the search for a better way of life: A critical exploration of lifestyle migration. *Sociological Review*, 57(4), 608–625. <https://doi.org/10.1111/j.1467-954X.2009.01864.x>
- Berg-Nordlie, M. (2018). New in town. Small-town media discourses on immigrants and immigration. *Journal of Rural Studies*, 64(november), 210–219. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.05.007>
- Bratrud, T. & Lien, M. E. (2021). Hytta, bygda og byen: Forhandling om tilhørighet i krisetid. *Norsk Antropologisk Tidsskrift*, 32(2), 55–71. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2898-2021-02-02>
- Cheong, S.-M. & Miller, M. L. (2000). Power and tourism. A Foucauldian observation. *Annals of Tourism Research*, 27(2), 371–390. [https://doi.org/10.1016/S0160-7383\(99\)00065-1](https://doi.org/10.1016/S0160-7383(99)00065-1)
- Ericsson, B., Øian, H., Selvaag, S. K., Lerfald, M. & Breiby, M. A. (2022). Planning of second-home tourism and sustainability in various locations: Same but different? *Norsk geografisk tidsskrift*, 76(4), 209–227. <https://doi.org/10.1080/00291951.2022.2092904>
- Fan, D. X., Liu, A. & Qiu, R. T. (2019). Revisiting the relationship between host attitudes and tourism development: A utility maximization approach. *Tourism Economics*, 25(2), 171–188. <https://doi.org/10.1177/1354816618794088>
- Farstad, M. (2013). Local residents' valuation of second home owners' presence in a sparsely inhabited area. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 13(4), 317–331. <https://doi.org/10.1080/15022250.2013.863062>

- Farstad, M. & Rye, J. F. (2013). Second home owners, locals and their perspectives on rural development. *Journal of Rural Studies*, 30(1), 41–51. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2012.11.007>
- Farstad, M., Rye, J. F. & Almås, R. (2008). Fritidsboligfenomenet i Norge. Fagnotat om utvikling i bruk av fritidsboliger, utarbeidet på oppdrag fra Kommunal- og regionaldepartementet. Notat 11/08. Norsk senter for bygdeforskning.
- Flø, B. E. (2021). Mot ei framtid for utmarksbeite – om beiting, sjølvkjensle og forståing mellom folk. I F. Flemsæter & B. E. Flø (Red.), *Utmark i endring* (s. 67–92). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.151.ch3>
- Førde, A. (2020). Uro i turismens tidsalder. Stadkvalitetar under press. I R. Almås & E. M. Fuglestad (Red.), *Distriktsopprør. Periferien på nytt i sentrum* (s. 260–274). Dreyers forlag.
- Førde, A. & Magnussen, T. (2021). Flere Farger Bodø – om å skape nye krysskulturelle fellesskap. I B. Gullikstad, G. K. Kristensen & T. F. Sætermo (Red.), *Fortellinger om integrering i norske lokalsamfunn* (s. 246–264). Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215042961-2021>
- Hall, C. M. (2005). *Tourism. Rethinking the social science of mobility*. Pearson Education.
- Keen, D. & Hall, C. M. (2004). Second homes in New Zealand. I C. M. Hall & D. K. Müller (Red.), *Tourism, mobility and second homes: Between elite landscape and common ground* (s. 174–195). Channel View Publications.
- Halfacree, K. H. & Rivera, M. J. (2012). Moving to the countryside ... and staying: Lives beyond representations. *Sociologia Ruralis*, 52(1), 92–114. <https://doi.org/10.1111/j.1467-9523.2011.00556.x>
- Kauppila, P., Saarinen, J. & Leinonen, R. (2009). Sustainable tourism planning and regional development in peripheries: A Nordic view. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 9(4), 424–435. <https://doi.org/10.1080/15022250903175274>
- Lewis, C. (2016). ‘Regenerating community’? Urban change and narratives of the past. *The Sociological Review*, 64(4), 912–928. <https://doi.org/10.1111/1467-954X.12418>
- Lopes, H. D. S., Remoaldo, P. & Ribeiro, V. (2019). Residents’ perceptions of tourism activity in a rural North-Eastern Portuguese community: A cluster analysis. *Bulletin of Geography. Socio-economic Series*, (46), 119–135. <https://doi.org/10.2478/bog-2019-0038>
- Lynnebakke, B. (2021). ‘I felt like the mountains were coming for me.’ The role of place attachment and local lifestyle opportunities for labour migrants’ staying aspirations in two Norwegian rural municipalities. *Migration Studies*, 9(3), 759–782. <https://doi.org/10.1093/migration/mnaa002>
- Mantecón, A. & Huete, R. (2018). Urbanization, tourism and migrations: Interrelationships and challenges in Spain. I R. Tremblay & O. Dehoorne, (Red.), *Entre tourisme et migration* (s. 55–73). L’Harmattan.

- Milbourne, P. & Kitchen, L. (2014). Rural mobilities: Connecting movement and fixity in rural places. *Journal of Rural Studies*, 34(april), 326–336. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2014.01.004>
- Milwood, P. A. & Maxwell, A. (2020). A boundary objects view of Entrepreneurial Ecosystems in tourism. *Journal of Hospitality and Tourism Management*, 44(september), 243–252. <https://doi.org/10.1016/j.jhtm.2020.06.008>
- Müller, D. K. (2021). 20 years of Nordic second-home tourism research: A review and future research agenda. *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 21(1), 91–101. <https://doi.org/10.1080/15022250.2020.1823244>
- Nelson, P. B., Lilley, C. & van Gemeren, M. (2019, 13.–15. mars). *Geographies of rural gentrification in time and space*. 6th International Rural Workshop, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU Trondheim.
- Oklevik, O., Gössling, S., Hall, C. M., Jacobsen, J. K. S., Grøtte, I. P. & McCabe, S. (2019). Overtourism, optimisation, and destination performance indicators: A case study of activities in Fjord Norway. *Journal of Sustainable Tourism*, 27(12), 1804–1824. <https://doi.org/10.1080/09669582.2018.1533020>
- Overvåg, K. (2020). Koronakrisen avslører manglende hyttepolitikk. Kronikk, Universitetet i Agder. Publisert 20. mai 2020 <https://www.uia.no/nyheter/koronakrisen-avsloerer-manglende-hyttepolitikk>
- Rye, J. F. (2018). Labour migrants and rural change: The “mobility transformation” of Hitra/Frøya, Norway, 2005–2015. *Journal of Rural Studies*, 64(november), 189–199. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2017.12.003>
- Sharpley, R. (2014). Host perceptions of tourism: A review of the research. *Progress in Tourist Management*, 42(juni), 37–49. <https://doi.org/10.1016/j.tourman.2013.10.007>
- Stenbacka, S. & Bygdell, C. (2018). The cosmopolitan farmer: Ideas and practices beyond travel and internationalization. *Journal of Rural Studies*, 61(juni), 63–72. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.06.001>
- Stockdale, A. & Haartsen, T. (2018). Editorial introduction: Putting rural stayers in the spotlight. *Population, Space and Place*, 24(4), e2124. <https://doi.org/10.1002/pop.2124>
- Sætermo, T. F., Gullikstad, B. & Kristensen, G. K. (2021). Å studere fortellinger om integrering i en lokalsamfunnkontekst: En introduksjon til et komplekst forskningsfelt. I B. Gullikstad, G. K. Kristensen & T. F. Sætermo (Red.), *Fortellinger om integrering i norske lokalsamfunn* (s. 11–39). Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215042961-2021>
- Søholt, S., Stenbacka, S. & Nørgaard, H. (2018). Conditioned receptiveness: Nordic rural elite perceptions of immigrant contributions to local resilience. *Journal of Rural Studies*, 64(november), 220–229. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.05.004>

- Viken, A. (2020). *Turismens paradokser. Turisme som utvikling og innvikling*. I samarbeid med Benonisen, R., Ekeland, K., Førde, A., Nilsen, R., Nyseth, T., Olufsen, C., Sletvold, O. & Svensson, G. Orkana Akademisk.
- Villa, M. (2019). Local ambivalence to diverse mobilities – the case of a Norwegian rural village. *Sociologia Ruralis*, 59(4), 701–717. <https://doi.org/10.1111/soru.12263>
- Woods, M. (2018). Precarious rural cosmopolitanism: Negotiating globalization, migration and diversity in Irish small towns. *Journal of Rural Studies*, 64(november), 164–176. <https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2018.03.014>
- Aasetre, J. (2021). Kampen om utmarka: Hytter, beitemark eller urørt natur? I F. Flemsæter & B. E. Flø (Red.), *Utmark i endring* (s. 93–121). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.151.ch4>